

Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814)

*Minneskrift for
Kjartan Ottosson*

Redigert av

Helge Sandøy & Ernst Håkon Jahr



NOVUS FORLAG
OSLO – 2011

Mellom norsk og dansk: Skriftspråk og talemål ikring 1500

Ivar Berg

Her skal eg sync fram noko av den språklege variasjonen me møter i tekstar frå Noreg i tida kring 1500, og sjå på kva språkleg røyndom som ligg attom dei skriftminna me har. Eg hentar døma mine frå sist på 1400-talet og til litt ut på 1500-talet, det som i historisk terminologi markerer overgangen frå seimellomalder til tidleg nytid, og i språkhistoria mellomnorsk til nynorsk. Samstundes som språket sjølv er i endring, går dei fleste skrivande nordmenn over til å bruke dansk på denne tida – den viktigaste endringa i den *ytre* målsoga i førmoderne tid.

Først skal eg sjå på ein del metodiske problem og utfordringar i arbeidet med tekstmitta som står i den samanhengande norskspråklege skrivetradisjonen frå mellomalderen; eg skal setje fram synspunkta mine på kva me *kan* finne ut, og gjø nokre døma frå det eg sjølv har arbeidd med. Når dansk tek over som det rådande skriftspråket, endrar situasjonen seg. Kjeldetypane er ulike, og eg vil sjå dei norskspråklege først og fremst som kjeldor til talemålet, medan dei danskspråklege blir handsama på eit meir sjølvstendig skriftspråkleg grunnlag, der eg tek opp spørsmål om ortografisk variasjon og i kva grad han eigentleg heng saman med *språkleg* variasjon. Kva kan danskspråklege tekstar eigentleg fortelje oss om talemålet i Noreg? Men like viktig er det etter mitt syn at tekstar i denne nye tradisjonen kan fortelje oss andre ting om skriftkunne og språkbruk som er viktige viss målsoga skal ferne språket i samfunnet, og ikkje berre strukturendringar i talemålet.

Prinsipielt om mål og metode

Eit første, prinsipielt spørsmål er kva som er studieobjektet vårt, for det er ikkje opplagt i denne perioden. Norsk språkhistorie på 1500-talet og utover kan dekkje så mangt, t.d.

- tekstar skrivne i Noreg.
- tekstar skrivne på norsk – men kva er i så fall «norsk»?

- c tekstar som på eitkvart vis kan fortelje oss noko om talemålet i Noreg.
d tekstvitne om skrift- og skriftbrukskultur i vidare tyding.¹

Punkt a) er det vel eigentleg ingen som har studert særleg grundig, men i det store biletet har det òg ein plass. Punkt b) er meir restriktivt, men her får me eit problem med å definere kva som skal telje som norsk, for tilhøvet til grannespråka er innfløkt, og dei fleste tekstane frå tida 1450–1600 viser eikor blanding mellom norsk og dansk. Ser me på punkt c), er det nok helst det mange vil meine er studieobjektet i norsk målsoge. Formuleringa opnar for ei meir noggrann sikting av materialet for å finne opplysningar, direkte eller indirekte, om talemålet innanfor det norske målvaldet. Det siste punktet eg har nemnt, går på skriftbrukskulturen i vidare tyding. Dette er etter mitt syn ein viktig del av målsoga, som eg skal komma attende åt. Poenget i denne omgangen er at ulike målsetjingar for arbeidet stiller krav til arbeidsmåtene, og eg skal prøve å vise dette når eg går over til metodiske problemstillingar knytte til arbeidet med kjeldone. Her snakkar eg først og fremst om kjeldor i den gamle skrifttradisjonen, det vil i hovudsak seie tekstar trykte i *Diplomatarium Norvegicum* (DN).

Mellomalderlege skriftspråk er prega av variasjon, som velkjent er, og somme har sett denne variasjonen som ein parallell til talemålsvariasjonen me kjenner frå nyare tid. I klassikaren *Linguistic Variation and Change* føreslår James Milroy å bruke moderne variasjonslingvistiske metodar på eldre tekstar, og skriv med tilvising til situasjonen i mellomengelsk (1992: 131):

Thus, ME [Middle English] language states, being so variable, should in principle be suited to the same kind of analysis that we use in present-day social dialectology, and by using variationist methods we should be able to explore at least some of the constraints on variation that may have existed in ME.

Det er ingen tvil om at ein på denne måten kan avdekkje utvikling i variasjonen, men spørsmålet om dette gjeld talemålet eller berre skriftbiletet, står framleis op. Det er heller ikkje sikkert at situasjonen i mellomengelsk er direkte overførbar til norsk, der blandinga mellom «norsk» utvikling og påverknad frå dansk skrifttradisjon – og venteleg òg talemål – er eit viktig element i utviklinga av skriftspråket.

Eldre norske forskarar har hatt ei heilt annor tilnærming enn Milroy, og det er veltid å sjå på kva dei har sagt om arbeid med dei norske mellomalderkjeldone. Ein artikkel av Per Nyquist Grøtvedt (1940) om «dialektundersøkelser på grunnlag av gamle håndskrifter» har framleis gode poeng, jamvel om han tenkjer på den gammalnorske tida. Fordi alle skrivarar står i einkvann form for skrifttradisjon, er

1 Det som i forskingslitteraturen til vanleg er omtala med den engelske termen *literacy*; på norsk blir gjerne *skrifftunne* bruka.

han skeptisk til statistiske metodar. Poenget hans er at «[d]e beste holdepunkter for dialektavvik er de skrivemåter som ikke hører hjemme i noen slags skriftspråk-tradisjon» (op.cit. 103). (Legg elles merke til termen «dialektavvik», som har som premis at det finst ei norm som forma kan avvike frå.) Det er viktig at «skriftspråktradisjon» her ikkje er avgrensa til norsk; ei form som svarar til gjengs bruk i grannespråka, kan like gjerne vera eit skriftleg lån som heimleg utvikling, jamvel om denne forma har slått gjennom i Noreg òg på eitkvart tidspunkt.

Finn Hødnebo (1971) tek for seg «diplomer som kilde for norsk språkhistorie». Han er òg kritisk til statistisk analyse, og legg vekt på at «hvert enkelt aktsykke må nøye analyseres før det kan trekkes inn som noenlunde sikkert materiale for lingvistisk eller leksikografisk behandling (op.cit. 146). I ei vurdering av ein studie av Didrik Arup Seip konkluderer han med at «en flyktig undersøkelse som bare anvender en statistisk metode uten å analysere hvert enkelt aktsykke i DN, er verdiløs og bare egnet til å forvirre» (op.cit. 153). I det tilfellet er det snakk om pronomenformer i første person eintal, der brotne former ikkje kan brukast som prov på røyntleg austlandsk talemål når teksten elles er full av svenske former – jamvel om Seip gjerne bruka kjeldone nokså uvørde for å vise gammal tradisjon for nyare austlandske talemålsformer. Oppfatninga hans Hødnebo blir altså at ei grundig filologisk vurdering av materialet må komma før ein brukar det i språkhistoriske resonnement. Det ubalanserte korpuset styrkjer innvendingane mot kvantitative metodar; for mellomnorsk tid dreier det seg i all hovudsak om diplom, og dei tekstane frå tidleg 1500-tal som er på norsk, er likeins berre knytte til avgrensa saksomkverve, slik at me får eit svært smalt bilete av språkbruken.

Det einaste større arbeidet om norsk språk på tidleg 1500-tal blir hardt råka av ein slik kritikk. Egil Pettersen går i *Språkbrøyming i Vest-Norge 1450–1550* (1976/1991) gjennom språket i 479 diplom frå Vest-Noreg på «norsk eller norskfarga språk», dvs. at han tek ut dei som heilt klart er på dansk. Han legg fram mykje materiale om bruksfrekvensen av ymse former, men materialet blir aldri sett inn i ein tydeleg samanheng – diverre, for det er eit stort grunnarbeid han har gjort. Det som burde vore hovudsaka i morfologibandet, «Merknader til kasusmorfologien», utgjer 30 sidor, som følgjer etter 500 sidor med bøyingsparadigma.

Åse Wetås (2008) har òg ei kvantitativ tilnærming i arbeidet sitt med substantivfleksjonen i diplom frå Vest-Telemark på 1400-talet, men eit heilt anna materi-algrunnlag enn det ein vanlegvis tenkjer på som mellomnorske kjeldor. Vest-Telemark framstår som den språkleg mest konservative delen av Noreg, og langtmair einskapleg og mindre påverka av grannespråka enn dei fleste norske tekstar frå denne tida. I tilnæringsmåtar som legg vekt på kvantitativ metode, ligg det ein fare for sirkelslutningar: Ein vel ut eit tekstmateriale som framstår som heilnorsk etter ei oppfatning av kva som er «norsk», og analyserer språkbruken i dette materialet for å definere kva «norsk» er. Denne faren vil bli større di meir språkleg samansett korpuset er. Viss mange tekstar framstår som «unorske» og difor blir tekne ut, kan det materialet som står att gje eit kunstig konservativt bilete av språk-

stoda. Weås drøftar nett dette problemet for «å etablere ein ikkje-sirkulær basis for kategorisering av tekstan» (2008: 91; sjå elles kap. 5 generelt). Men det finst tvillaust tekstar skrivne i Noreg i seinmellomalderen som ikkje har noko med norsk tale mål å gjera, skrivne av danskfødde skrivjarar, og mange lånte fjør i tekstar skrivne av nordmenn, så ein kjem ikkje unna å gjera ei vurdering av kva tekstar eller former som gjev informasjon om norsk tale mål utvikling.

På grunn av dei nemnde problema meiner eg at kvalitativ analyse må vera den primære arbeidsmåten i utforskinga av norsk språk i overgangen frå seinmellomalder til tidleg nytid, og mellomnorsk til nynorsk. Me må leite gjennom materialet på jakt etter former som stikk seg ut frå skrifttradisjonen, og sjå kvar tekst både for seg sjølv og i samband med andre knytte til same skrivemiljø, der eit slikt kan identifiserast. For dialekttekstane på 1600–1700-talet er dette uansett einaste fargbare veg. For tekstar innanfor den gamle skrifttradisjonen kan det vera mogleg å gjera statistiske analysar, men det er viktig å hugse at dette dreier seg om bruksfrekvens i skriftspråket; metoden gjev såleis berre omveges informasjon om tale målet. Eit anna poeng er at skriftbrukskultur i vidare forstand kan studerast på meir «litterært» vis, gjennom nærflesing av tekstar. Eit døme på ein slik arbeidsmåte er *Literacy i norsk seinmellomalder* av Jan Ragnar Hagland (2005), der han gjennom å sjå nøgnare på innhald og uttryksmåtar freistar å sjå forbi talet på brev og nyansere oppfatninga av seinmellomalderen som ei skriftspråkleg nedgangstid.

Døme frå norskspråklege tekstar

Mykje av det eg har sagt om arbeidsmåtar her kan kanskje synast sjølytsagt, men det er viktig å ha eit medvite tilhøve til det, og drøfte både grunngeving for og implikasjonar av omgrep og metodar ein nyttar. Men når eg no har fått sagt mitt om dette, skal eg gå over til å sjå koss eg meiner desse arbeidsmåtene kan brukast til å vinne kunnskap om språkutviklinga. Fleire av døma eg skal komma med, er henta frå MA-avhandlinga mi (Berg 2006) om fleksjonsmorfologien i tekstar frå Trøndelag ned til 1500. Det finst ein del tekstar frå dette området på norsk seinare og, men etter 1523 er det jamt slutt. Dei fleste brev frå Trøndelag ut på 1500-talet er på eitkvart vis knytte til erkesetet, men det har nok og ein del å gjera med overleveringssituasjonen. Münchensamlinga, arkivet Olav Engelbrektsson tok med seg da han flydde landet i 1537, har gjeve oss ei veldig brevmengd frå 1523 og utover, men alt i den samlinga er naturlegvis knytt til erkesetet. Spreidde døme viser likevel at det har vore skrivne i andre miljø, og at desse ikkje har følgd skriveverksjonen som rådde ved erkesetet. Me har t.d. eit brev frå abbeten i Nidarholm kloster frå 1516 (DN I 1050) som skil seg frå samtidige brev frå erkesetet både paleografisk og språkleg. Det tradisjonelle emnet, eit makeskifte, fører ofte til meir norskfarga språk enn andre emne, men språket i dette brevet er likevel meir tradisjonelt norsk enn liknande brev frå erkesetet.

Svensk språk var ein viktig påverknadsfaktor i norsk skriftspråk tidleg på 1400-talet; dette har vore sett i samanheng med den sterke stoda Birgittinarrøsla ei tid hadde her i landet. I Trøndelag heldt denne påverkaaden seg lenger enn andre stader, og sist på 1400-talet er *jak* den mest bruka forma som personleg pronomen i første person cinal. Det tevlar med det tradisjonelle norske *ek* og det danske *jek/jeg* – former med *-g* er likevel sjeldsnytte før 1500. Eit interessant avvik finn me i DN V 977, Trondheim ¹⁵/₄ 1497, der Ingegerd Erlendsdotter gjev ei stor jordegåve til stifting av eit prebende i domkyrkja. Teksten har fem gonger pronomenet *jak*, som i innleiinga (*Allom mannom [...] helsek Ingegerd Erlendz dotther²*), men ein gong kjem forma *ægh* fram: *i them maathe giffuer ægh oc antwardhar fornempde mine iardher*. Forma *ægh* saknar skriftlege førebilete både i norsk og grannespråka, men finst i seinare dialektar, eg ser difor ingen grunn til å tvile på at ho er reell tale målsinterferens. Eg vil samstundes nemne bruken av *eina* som ubunden artikkel i same diplom: *jak haffuer [...] wth oc giffuedh mith godz oc odhal til at sticthe oc ffunder eina prebenda i helga Nidrose domkirke. Praebenda er femininum i latin, så eina er ei tradisjonell form i akk.sg.fem.* (I nynorsk er ordet oppført som anten hankjønn eller inkjekjønn.) Den morfologiske forma er tradisjonell, men uttryksmåten høyrer ikkje heime i klassisk norrønt, utan at eg har sett nærare på kor gammal og utbreidd han er.

Me veit at på eitkvart tidspunkt har genitivendinga *-s* utvikla seg til å bli eit possessivsuffix på frasenivå i staden for ei kasusending. Denne utviklinga er vand å følgje i kjeldone, fordi det som gjer genitiv til ein kasus er at forma kan brukast nominalt (t.d. tek ein del verb direkte objekt i genitiv), og dette er såpass lite frekvent at det er vanskeleg å finne døme. Me kan vel i nokon mon stø oss til det Muriel Norde (1997) fann for svensk i doktoravhandlinga si. Ein måte å diagnostisere staden som suffiks eller kasus i possessive uttrykk, er å sjå om alle lekkane i ein frase er merkte for genitiv; endringa har og medført overgang til merking på frasenivå i staden for ordnivå (jf. Norde 1997: 128ff). DN V 923, Trondheim ⁴/₅ 1484, viser det tradisjonelle mønsteret, med *-s*-ending på alle lekkane: *effther wars forfadhers erchebiscopez olafs skikkelse*. I DN III 965, Trondheim ¹⁰/₁₁ 1488, har berre patronymet i *Karll Yrianssonz barna* genitivending, eit ganske vanleg mønster. I DN XI 257 frå 1489, truleg skrivne i Singsås, finn me setninga *po myn nadhe her gong/henss wenne*, ein moderne uttryksmåte med *-s* berre sist i frasen. (Merk òg preposisjonen *po* for vanleg *uppa/vppa* og andre skrivemåtar.) Det skal seiast at skrivaren i det siste brevet framstår som heilt middelmåtig, jf. skrivemåten *gong/henss*, så det spørst kor mykje me kan lite på han. Men nett denne typen uttrykk er det me må sjå etter, dersom me skal kunne tidfeste avviklinga av genitiv som normal kasus.

2 Der anna ikkje er sagt, er sitat frå DN kontrollerte mot original eller foto. Sidan eg **gjer** ratt sitata i kursiv, er opplyste avstytingar markerte med formell skrift.

Ser me på tilsvarande samansette frasar for å sjå koss dativmerking er gjenomford, finn me ein del varians. Ofte er det ein tendens til å redusere merkinga til berre adjektivet i frasen, medan propria gjerne står umerkte (jf. tilhøva i moderne tysk og Norde 1997: 129f). Eit døme på dette er DN V 976, Aure ¹⁴/₂ 1497: *ek ha-fuier vntu oc gifuit heiderlighom manne herre erik torsteinsson*. Her er både adjektivet og appellativet merkte for dativ, medan namnet og patronymet står i grunnform. Dette kan like gjerne brukast som argument for at propria mistar kasusflexjonen tidlegare enn andre ord (som Wetås (2008) argumenter for). I det førnemnde V 977, Trondheim 1497, finn me uttrykket *med aadhernempdom wærdugaste fadher Erchebiscope*, der både det første adjektivet og *erchebiscope* har dativendring; *wærdugaste* kan vera lint bøyg, og *fadher* står oflast utan dativendring jamvel i eldre norsk. Men i same tekst finn me òg *wærdugastom fadhher i gadhly Erchebiscope gaute*, der *erchebiscope* ikkje har fått nokor dativendring. Etter mi språkkjenning er uttrykka ulike, og eg synest det høver betre med dativendring i det første høvet enn i hitt. Denne skilnaden kan forklarast ved at tittelen i det siste høvet blir oppfatta som ein del av namnet og «meir propria» enn i det første (jf. Wetås 2008: 138f om slik tittelbruk og 74ff om appellativ og propria som diskrete kategoriar eller gradar av eit kontinuum). Eit viktig poeng er at denne typen argumentasjon, altså at tittelen *erchebiscope* lettare mistar fleksjonen (til liks med propria) enn appellativet *erchebiscope*, ikkje kan komma fram i ei kvantitativ undersøking, der desse to tilfella vil bli rekna som 50 % merking av dativ. Men umerkte propria er ikkje gjennomførde, me kan òg finne propria som *har* dativendring, som t.d. i *Stolssens landskyld*, ei uferdig jordebok som erkebisop Gaute fekk sett opp i 1491 (trykt i lag med OEJ): *køpte wij aff Torsteine Torgylssyni*,³ med dativmerking av både namnet og patronymet.

Så skal eg sjå litt på eit par preposisjonar: *millum* styrde genitiv i norrønt, dativ i nynorsk. Dativutfylling finn me i DN I 985, Trondheim 1495 (u.d.): *mellom henne oc hennar hwem systrom*; en passant kan me notere oss at talordet *har* dativendring i tråd med norrønt.⁴ Fordi så mange diplom handlar om avtalar, finn me ofte uttrykk som nynorsk «dei i mellom», norrønt *peirra i millum*. Dette kan ymse mellom dei to kasus, i former som *there i millum* og *them i mellom*.

Preposisjonen *til* styrde likeins genitiv, i nynorsk finn me han stundom med stivna genitivar (i ubunden form), stundom med dativ («Ordet styrer nu sædvanlig dativ», skriv Aasen i *Norsk Ordbog*, men det gjeld berre i bunden form), eller med grunnform. Her er ei rekke døme i jordebøkene som samstundes viser til syntaktiske endringar, nemleg uttrykksmåten *han gaff til domkirckionne*, som me finn både i *Stolssens landskyld* og mange stader i *Aslak Bolts jordebok*. Ho vart skriven ikring

3 Jordebøkene som er siterte her, finst i diplomatariske utgåvor, og eg følgjer dei utan å ha sett originalen.

4 Me kan ikkje leggje serleg brett på at forma er *hwem* i staden for *twem*; [Her har eg ikkje sett originalen], men truleg er skrivemåten *hwem* med avstyngingsteiken, slik det var vanleg på den tida.

hwem *for* *twem* *i* *hwem* *for* *twem*

1433, men var i bruk og vart oppdatert utover, t.d. finn me på ein innlagd setel skriven i 1501 både *gaff til domkirckionne* og det tradisjonelle *gaff domkirckionne* med omsynslekk i dativ. Dei aller fleste av desse uttrykka har både preposisjon og dativ. Den vanlegaste uttrykksmåten i nynorsk er vel med preposisjon, og her har me truleg reelle døme på at denne endringa var i gang. Samstundes er det tydeleg at styringstilhøva ved *til* har endra seg, truleg som ein del av at genitiv vart svekt som nominal kasus. Dersom genitiv var redusert til possessive konstruksjonar, var dativ einaste moglege *markerte* form av substantivet. Den semantiske likskapen med tilsvarande konstruksjonar med omsynslekk i dativ, kan òg ha gjort at denne forma vart med over i preposisjonsuttrykket; den semantiske rolla *benefisient* skulle ha dativ kasus. (Jf. Norde 1997: 151 om tilsvarande utvikling i svensk, liksom keins med *giva* som døme.)

Dette er litt spekulativt, og eg har langt frå gode nok kunnskapar om alle kjeldene frå norsk 1400-tal til å seie noko heilt visst, men i ein samanheng som denne må det vera å lov å leggje fram nokre påstandar. Med grunnlag i MA-avhandlinga mi og det eg elles har lese, meiner eg at iallfall det morfologiske systemet ikring 1500 langt på veg var nådd det me må kalle eit nynorsk språksteg, på line med konservative bygedøme me kjenner frå moderne tid: nom. og akk. var stort sett falne saman i ei grunnform og genitiv var i stor grad redusert til å markere possessivrelasjonar.⁵ Dativkategorien stod derimot sterkt, men ein kan ofte finne at propria ikkje er merkte for dativ – spesielt når dei står saman med andre lektrar som kan ta dativmerking, typisk adjektiv. Interessant nok held *-a*-endinga i akk.sg.fem. seg godt i determinativa, som artikkelen *eina* og possessivet *mina*. Pronomena ser på si side ut til å ha fått eit meir systematisk skilje mellom ei subjekt- og ei objektsform, der dei gamle dativformene i 1. og 2. person og i refleksivforma fell bort. I tredje person eintal høkjønn er det snakk om ein reduksjon frå ulike former i nom., akk. og dat. til eit system med to former; i hankjønn om ei restrukturering frå ein opposisjon mellom nom./akk. *hann* og dat. *honom* til ei subjektform *hann* og ei objektsform *honom*.⁶ Tilsvarande ser det ut til å vera eit skilje mellom subjektform *the(i)* og objektsform *the(i)m* i tredje person fleirtal. Dei syntaktiske endringane som hekk saman med den morfologiske utviklinga, t.d. preposisjonsuttrykk som erstatning for kasusmerking, må dermed ha vore godt på veg. Det er ingen grunn til å tru anna enn at tidlegare tider, til liks med vår, rømde stor talemålsvariasjon. Eg trur nok ein i Noreg anno 1500 hadde talemålsvarietetar med berre spreidde restar av den eldre grammatikken, og i mangt *meir* moderne enn mange av dei gamle bygedøma enno i dag, men jamsides desse fanst det fulla meir konservative varietetar. (Jf. elles bidraga frå Mørck og Simensen i dette bandet.)

5 Norde (1997: 223) meiner at *-s* først vart reanalysert som frasemarkør i han- og inkjekjønn, før endinga spreidde seg til andre nominalfrasar, me saknar ein grundig studie for norsk til jamføring.

6 Dette gjeld trykkunge former; attåt kjem enklittiske former (t.d. høkjønn 'a) som nok kan gå attende på akkusativ, men som blir bruka utan omsyn til kasus.

Danskspråklege tekstar

No skal eg vende meg til dei danskspråklege tekstane me har frå tidleg 1500-tal. Indrebø (2001: 192) skilde i si tid mellom to måtar å skifte til dansk på: Folk kunne *hoppe* eller *krype* over i dansken. Ved erkesetet er det eit nokså markert skilje i 1510: Da kom ein ny erkebisop på Olavstolen, dansken Erik Valkendorf, og frå dette året er det tydeleg at stilidealet i skriftstykket som går ut frå erkesetet er dansk, ikkje norsk: Dei *hoppa* over i dansk. No er det mogleg at skiftet var meir glidande enn det ser ut til, for kjeldone frå det første tiåret på 1500-talet er svært få. Det siste brevet frå erkebisop Gaute er utferda i 1508 (DN VIII 471, Trondheim ^{31/5}), og det er samstundes det brevet frå han som syner mest dansk påverknad. Men dette kan forklårast som mottakartilpassing: brevet er stila til kong Hans, og språkvala kan ha vore gjorde for å gjera han velviljug stemd til det erkebispnen ville oppnå (insetjing av den fengsla hamarbispen Karl). Slike institusjonelle endringar var det etter Indrebø ved dei andre bispeseta òg. I andre miljø var overgangen meir glidande, me kan kanskje kalle det ei «organisk» endring eller endring «nedanfrå», noko som skjedd meir av seg sjølv og meir umerkvete – dei *krøup* over i dansk. Fordi språkblandinga i ein overgangperiode vil vera stor ved slike språkskifte, er det ofte vandt å seie om eit brev er skrivne på norsk eller dansk – det dreier seg om delar av bålet, der styrketilhøvet kan vera noko uvisst.

Men om skriftspråket vart dansk, har neppe talemålet skifta over natta. Dermed måtte skrivaren orientere seg mellom eit dansk stilideal og eit norsk talemål, og dette resulterte i eit skriftspråk med klare norske drag. Skiftet til dansk representerte eit tradisjonsbrot som eg trur bidrog til å halde former frå den eldre skrifttradisjonen ute, og dimed verkar det metodisk rett å rekne særnorske former for interferens frå talemålet å skrivaren. Me må gjera eitt viktig unntak: Vitebrev om gardhandlar og nokre brev knytte til rettsstellet som framleis vart skrivne etter mønster frå eldre brev – typiske døme er landvisitbreva. Viss det metodiske prinsippet eg har føreslege her, held vatn, kunne ein rekne desse norskeitene som gode kjeldor til norsk talemål. Men det er eitt stort problem: Det er ikkje revolusjonerande å hevde at norsk talemål på 1500-talet hadde diftongar, /kv/ av eldre /hv/, trykklette fullvokalar og postvokalisk /p, t, k/. Og det er stort sett desse norske målmerka me finn. Det er rett og slett slik at dei danskspråklege tekstane ikkje gjev nokon stor kunnskap om talemålsituasjonen.

Derimot kan me stille *andre* spørsmål til desse tekstane enn me stiller til dei norskspråklege mellomaldertekstane, spørsmål som ser skrift som ei sjølvstendig side av språkbruken meir enn ein bleik skugge av talemålet.

- Me kan sjå på kva talemålsinnslag som er moglege; attåt dei eg just nemnde, dreier det seg venteleg om ein del leksern.
- Me kan sjå på kor stor den ortografiske variasjonen er.⁷ Dette kan fortelje oss

- ein del om skriftkunne, skrivopplæring og språkforståing.

Koss fordeler talemålsinnslaga seg? Er det systematisk samsvar med skrivar, sjanger, periode, skrivemiljø e.l.?

- Og eit svært interessant spørsmål: Representerer dei norske særmerka språklege inkompetanse, medviten språklege eigenart eller er variasjonsrommet i mellomalderleg ortografi så stort at slike kategoriar er meiningslause?

I ei målsoge synest eg dette er viktige og relevante spørsmål, på lik line med talemålsutviklinga. Skrift og tale er ikkje motsetningar, men ulike modalitetar, det skriftspråket har vunne prestisje i det moderne samfunnet – berre tenk på lekmannspektivet på «korrekt språk». Dansk skriftspråk har vore ein del av det norske språklandskapet i 500 år no, og fortener ei grundig handsaming òg før me kjem til den offisielle språknormeringa i moderne tid.

Me kan dessutan minne oss sjølv på det innlysande: All målsoge tufta på skriftlege kjeldor er skriftspråksoge, talemålet kan me berre vinne omveges innsikt i. Eg har sett litt på disposisjonen til det påtenkte språkhistorieverket, slik han vart lagt fram under MONS hausten 2009, og sett kvar skriftspråkspektivet fell narturlig inn. I det kronologiske oversynet (band I) høyrer det opplagt med, slik det òg gjekk fram av dei disposisjonane kapittelforfattarane presenterte den gongen. I band II synest eg spesielt dette kan vera viktig i kapitlet om stil, om me finn sjangerbunden språklege variasjon. Eg kunne kanskje tenkt meg eit eige kapittel om nett dansk-norsken i band III, *Språket i bruk*. Og dersom ein kan komma fram til eit svar på spørsmålet eg nyss stilde om det språklege medvitet i eldre tid, om det var eit medvite val å halde på særnorske målmerke, høyrer dette opplagt med ein-kan-stad i eit band om *Språkidologi*.

Frå desse prinsipielle merknadene skal eg gå inn i den språklege røynda og den ortografiske variasjonen me møter i tekstane. Til liks med dei eldre norskspråklege kjeldone, er han stor i dansk skriftspråk på 1500-talet. Dette kan gje oss informasjon av to ulike slag: For det første har me ein type variasjon som kan tolkast som talemålsinterferens: Dette er den tradisjonelle måten å bruke skriftlege kjeldor i språkhistoria på. Men òg reint ortografisk variasjon kan fortelje oss noko, om skriftkunna å skrivaren (ein urøynd skrivar vil ymse meir og truleg meir tilfeldig), og kan nyttast til å identifisere skrivarar og skrivemiljø. Allereie Sigurd Kolsrud peika på at «rettskrivingi har målhistorisk interesse»; attåt det som gjeld språket, anten det er skrivne eller tala, «er ho til god hjelp reint kjeldekritisk, av di med hjelp av skriveåten kann me avgjera kven som har skrivne dei ymse stykke» (1956: 148). Det finst eit interessant arbeid av Alexander Zheltukhin (1996) om svensk ortografi på 1500–1600-talet som nettopp har eit slikt skriftspråkspektiv, og som kan inspirere tilsvarande arbeid i Noreg. Han ser på spørsmål som kor fast språknorma var, anten hjå einskilde skrivarar eller innan eit miljø, som det erkesetet var. Dette seier mykje om skrivekompetansen og det språklege medvitet. Her må eg presisere at me ikkje kan forstå *norm* på same måte som i dag; i tidleg nytid er

⁷ Merk at «ortografi» og «rettskriving» brukta om eldre tider må forståast som 'måten orda er skrivne på', utan at det impliserer eit moderne normbegrep.

ikkje norma regelbunden, men byggjer heller på sams opplæring og praksis, og ei gradvis utvikla sams forståing for koss ein skal skrive.

Eg vil dessutan hevde at den ortografiske variasjonen ikkje er så stor som ein del somtid vil ha det til; det er ikkje slik at «anything goes» (jf. Kolsrud og Zhel-tukhin, opera citata). For at eit skriftspråk skal vera forståeleg, må det i utgangspunktet dreie seg om eit sett korrespondansar mellom ljod og teikn. Den variasjonen me finn, kan i stor grad samlast i eit sett variablar, der kvar skrivar gjerne vel éin variant. Typiske variablar er skrivemåten av intervokalsk /v/ som i *haffwa*, med variantar som *ffw/ffu* eller tilsvarande med berre ein *f*; enkel eller dobbel *ff* først i ord, som i *fforwaring*; markering av lang vokal (dobbeltskriving eller med ein *e*) som i seinare praksis⁸; bruken av *φ*, *τ*, *κ* etter vokalteikn. Av dei variablane eg har nemnt her, kan berre den siste ha noko med talemålet å gjera, men det er andre ting i tekstane som vitnar om talemålsinterferens.

For det er svært få norske tekstar frå det første hundreåret av det som tradisjonelt heiter dansketida, som ikkje har innslag av det me må kalle interferens frå norsk talemål. Eg har nemnt skrivemåtar som svarar til fonologiske skilje mellom norsk og dansk talemål, som diftongar, trykklette fullvokalar og harde konsonantar. Dessutan finn me norske avleiingar som *-ing* og *-nad* der dansk skriveskikk helst har *-hed* eller *-else*. Somtid møter me avleingsendinga *-heit* (ho finst tidlegare i norsk *ög*), som i *rettighet* to gonger i DN XI 296, Trondheim²⁰, 1514, frå erkebisp Erik – det einaste døme på *«ei»* i brevet; og *treffoldvghæith* i DN IV 1080, Trondheim²¹, 1521, frå domkapitlet til kong Kristian II. Dette kan tyde på at suffikset er vorte produktivt i norsk; me ville venta å finne former på *-hed* (eller *-ei*, jf. Kalkar under *Trefoldu[]ighed*) dersom det var snakk om leksikalske lån frå dansk; men òg Kalkar har døme på former med *-heit* under *rettighed*. Utgangspunktet for *treffoldvghæith*, anten lånet er gått direkte eller via dansk, er vel lågtysk *drêvaldicheit*; til *rettighet* svarar lågtysk *rechticheit*, så orda er ikkje direkte innførte i tysk form. (Lübben brukar *-heit* som oppslagsform i *Mittelniederdeutsches Handwörterbuch*, men mellomlågtytsk veksla mellom *-heit* og *-hêt* (Lübben 1882: § 28)). Me finn dessutan ein god del særnorske ord i kjeldone, som *eign* i brev om gardhandel. Sidan Landslova var gjeldande lov i Noreg til 1604 og lagmennene dømda etter dei gamle lovøkene, kan ein finne ein del norsk eller sterkt norskfarga språk knytt til rettsstellet.

På ei rad område skil altså skriftspråket i Noreg seg frå det i Danmark, men i svært ymsande grad; somtid kan dansken vera nesten utan plett og lyte. Det ser dessutan ut til å vera eit samsvar mellom talemålsinnslag i språket og teksttypen, slik at di meir formell ein tekst er, di meir «korrekt» er dansken. At folk slepper til dialekten meir i uformell skrift, er ikkje uvanleg i dag heller. Det er iallfall vist for

engelsk (Finegan & Biber 2001) at skilnaden mellom formell og uformell stil er parallell for skrift og tale, slik at formell skrift og uformell skrift kan vera på om lag same nivå når det gjeld typiske munnlege drag. I dei kjeldone eg har studert, ser det ut til at offisielle brev, gjerne til kongen, gjennomfører ein «reinar» dansk enn det som er gjort i mindre høgtidsame skriftstykke, som rekneskapar, jordebøker og slikt som berre var meint til intern, administrativ bruk. Ein slik variasjon tyder på at språkførmene, det klårt norskfarga og det reint danske, vart oppfiatta ulikt og ikkje høvde like godt i alle samanhengar eller sjangrar. Ei oppfatning av at variantane hadde ulik prestisje var vel òg ein naudsynt føresetnad for at språkbyttet kunne skje.

Eit interessant spørsmål i denne samanhengen er om same skrivar kunne veksle mellom ulike språkformer, eller om det var ei arbeidsdeling mellom skrivare som førde til dette mønsteret. Hand E i *Olav Engelbrektsens jordebok* har skrivne eitt blad i sjølve jordeboka og to lausblad (V og XI) som er trykte i same utgåve, der språkforma i blad V skil seg ut som meir dansk (sjå innleiinga s. 18*; jf. Indrebø 1927). Mest tydeleg er ubunden artikkel alltid skriven *ein* i jordeboka, *en* i blad V, tilsvarande *heyther/heither* mot *heder*. Denne skrivaren evla tydelegvis å varere ortografien sin, noko som om ikkje anna vitnar om høg skrivekompetanse. Eg skal komma attende til saka med forslag til forklaring ved eit seinare høve.

Norske innslag i danskspråklege tekstar

Avslutningsvis skal eg sjå på nokre konkrete døme att. Som nemnt er språket i administrative tekstar som *Olav Engelbrektsens jordebok* (OEL) og *Olav Engelbrektsens rekneskapsbøker* (OER) meir norskfarga enn mange andre skriftstykke frå erkesetet. Typiske døme er at diftongen /ci/ er markert i skrift, samt bruken av *honom*; *honom* fansst i skånsk og Kalkar har døme, men *hannem* var den vanlege danske forma. Skilnaden mellom norsk /k/ og dansk /g/ kjem rett som det er fram i skrift. Tystoffet *sarduk* er ofte nytta som løn i OER, og er somtid skrivne *sardug*, somtid *sarduch*; Kalkar har eitt døme på *sarduch* frå 1422, elles stavemåtar med *-g*. Ein nesten vellukka freistnad på dansking er forma *viger* 'vekor' i OER (s. 2^o). På 1530-talet hadde ordet longo mist /v/ i framljod på dansk (jf. GG II § 380 og formene hjå Kalkar), og saman med lenisering gav dette *uge*. Skrivaren har tydelegvis lært seg at /k/ i talemålet skal skrivast ⟨g⟩, men har skrivne ordet med ⟨v⟩ etter norsk talemål.

Reint ordgeografisk er det interessant at det nesten konsekvent (unntak finst) er skrivne *vammoll* eller *vammell* om tyststoffet. Dette er mykje bruka som løn, og finst difor ofte. På norrønt heitte det *vaðmål*, og dansk hadde òg helst former med

8 Stundom er det uklårt om vokalen har vore lang eller stutt. Er det gjort freistnad på å markere lang vokal, ser me det, men fråvar av slik markering *kæn* stundom skuldast at vokalen i *reynða* har vore stutt, like mykje som at skrivaren ikkje markerer vokallengd.

9 Tilvisingar er til sidetal i utgåva, ikkje paginering i manuskriptet.

d, som *vadmøl* eller *vedmell* (Kalkar har ingen døme med *n*). Men slike former er velkjende frå nynorsk, etter Aasen frå Gudbrandsdalen og nordover, så skrivemåten kan godt spegle lokal uttale. For norrønt *mjöl* er *miel* den vanlege forma, med same vokal som i nynorsk, medan det i dansk heitte *myel* e.l. Eg fann dessutan eit døme på «dobbel bestemming»: *j then andre gordhen* (OJE s. 30), som venteleg må vera talemålsinterferens. Eg har òg kome over uttrykket *steiff setthe* (OER s. 128) som er velkjent frå norrønt, men er uvisst på om denne konstruksjonen fannst i dansk.

Den gamle avhendingsformelen *með þlunm lutum ok lunnindum sem þar til liggja ok legit hafða frá fornu ok til nýju* dukkar ofte opp i brev om gardhandlar, i ymse utformingar. Før 1500 har *lutum ok lunnindum* alltid *-um*-ending i tekstar frá Trøndelag, men ei omdanning som *lutum ok lundum* i DN XV 124, Honnestad i Surnadal^{30/}, 1499,¹⁰ kan vel tyde på at innhaldet ikkje har vore klinkande klårt for skrivaren. Ein skripar som arbeidde fast for Erik Valkendorf, og jamvel vart med da han flykta frå Noreg,¹¹ har attåt mykje anna skrive eit par brev om gardhandlar. Der finn me formelen i to ulike utformingar:

- a met lutum oc lwndndom som ther til liet hawer ffvndhen oc nye (DN XV 146, Trøndheim^{2/7}, 1516).
 b met alle lwtte oc lwnde som ther til ligger oc tilliget haffwer fra fonno oc til nye (DN XI 305, Trondheim^{26/3}, 1519).

I a) står dativendingane, men *frá fornu ok til nýju* er sterkt omdanna; i b) er det omvendt. Når same mann, som elles skriv klårt og godt (og dansk), kan veksle så mykje, tyder det ialfall ikkje på at dette var noko han forstod. Min teori er at han har skrive etter diktat eitkvart han ikkje skjønna, og har tilpassa det til skrift som best han kunne. Korje av variantane syner noko teikn til /r/ i uttrykket, så dersom teorien om diktat stemmer, kan det brukast som argument for at sambandet /rn/ var assimilert. I OJE (s. 47) finn me overskrifta *Nota att thesse effter. ne lundenne oc luttom liggje titill Meeraker*, som ialfall ikkje tyder på at dette var meir enn eit fastgrodd uttrykk på den tida.

DN XI 627, Austråt^{20/8}, 1535, er eit brev frå det andre viktige skrivemiljøet i Trøndelag, kringen kring fru Ingerd på Austråt og svigersønene hennar. Dette brevet har mange norske målmerke, og utgjevarane av DN føreslår at det kan ha vore skrive eigenhendig av uferdaren, fru Ingerd sjølv. Det var manko på skrivarar på Austråt ettersommaren 1535, for ei veke tidlegare skreiv fru Ingerd til erkebispen og bad han sende henne ein ny skripar, fordi den førre var vorten sjuk (DN XI 626, Fosen^{12/8}, 1535; det brevet er rett nok skrive av ei onnor hand, etter ein merknad

til XI 627). Me finn fleire gonger *qwatt* og jamvel hyporkorreksjonen *qwyllken*, som tyder på at overgangen /hv/ > /kv/ var gjennomført. Skrivemåtene *goss* og *goess* av eldre *gözl/góds* viser assimilasjon, *errs nades* samantrekking av *edders* (som det òg er skrive ein gong). Landsnamnet er skrive *Norress Rügge*, med liknande samantrekking eller assimilasjon, avhengig av kva grunnform ein går ut frå. (Sjå t.d. Sandøy 1996 om den tradisjonrike diskusjonen om namnet på landet.) Substantivet *born* har omjoddsform i fleirtal i *de amner born*, som i både eldre og nyare talemål, men teksten har òg to gonger *ffattig barn* i fleirtal. Det kunne vera freistande å lesa dei endingslausa formene *ffattig* og *amner* som talemålsformer òg. Dei er i tråd med eldre norsk skrivskikk; i dansk er former med *-æ/-e* «ved [den hen mod Slutningen af det 15. Aarh.], men elles er former med *-æ/-e* «ved [den gammeldanske Perodes] Slutning næsten eneraadende» (GG IV § 518_{s-ø}). Det som gjer døma litt problematiske, er at teksten òg har endingslausa former der me absolutt ville venta ending, som *ffattig imborger* (pl.), *then ffattigh man Niülls Lucke* (litt bøygdd adjektiv). Det gjer at eg førebels held meg til det eg fann i materialet frå 1470–1500, der nøytrum plural oftast har ending (Berg 2006: 56, jf. Indrebø 2001: 237–238).

Til sist skal eg nemne eit par tilfelle der namnet på språket er bruka. Meta-språklege kommentarar er diverre svært sjeldsynte i diplommaterialet, men i noko som truleg er notatar til riksrådsrådet i Bud i Romsdalen sist i august 1533 (DN X 674), finn me ein klage på at *messzer holdis vppaa norske ymott thenn hellige kirkis stæick och budh*. DN føreslår at notatet er frå bisp Olav i Bergen, men NgL (2.r. IV 171) trur heller det er erkebispen, sidan handa finst i rekneskapsbøkene.¹² I klagemåla mot Nils Lykke i DN XI 621, Trondheim ultimo juni 1535, finn me ei ganske lik formulering: *han haffuer latit holdtit messer paa Danske [m.m.] mot then hellig kyrkis stæic och bud*. Dei to ulike nemningane kan tyde på at skiljet mellom norsk og dansk ikkje har vore heilt klårt, jamvel om språklege praksis kan tyde på noko anna. I nett dette høvet var dessutan skilnaden mellom latin og skandinavisk som kyrkjepspråk det essensielle, ikkje eit eventuelt persipert skilje mellom norsk og dansk.

For å oppsummere poenga mine om det dansk-norske skriftspråket som vart bruka i Noreg tidleg på 1500-talet, så trur eg ikkje det kan fortelje oss all verda om norsk talemål. Noko kan ein alltid finne om ein leitar med lys og lykte, og det bør me for all del gjera, og eg vonar å ha vist nokre døme på kva ein kan finne i kjeldene her. Men etter mitt syn har dette materialet meir å tilføre på eit anna område: Det kan fortelje om skriftkunne, skrivemiljø og heile tilhøvet til skriftspråk i overgangen frå seimellomalder til tidleg nytid. Dette er ei viktig side ved språk-

10 Lesinga av årstalet er litt uvisst, og DN føreslår alternativt 1454. På grunnlag av språkforma er 1499 etter mitt syn langt meir truleg.

11 I eksil i Roma skreiv han for Erik det som vel er Noregs første historisk-topografiske skrift, ei skildring av ei reise gjennom stiftet til Finnmark (på latin, trykt som Storm 1902).

12 Somme av punkta finst i ei onnor liste som heilt sikkert er til møtet i Bud, inkludert eit punkt «om reynnkalfvees». Som NgL påpeiker, var reinskalvar neppe ein atteganger på politisk toppplan, så dei to notata må høyre saman.

bruken, og fortener difor ei grundig handsaming viss ein skal gje ei samla framstilling av språk og språkbruk i Noreg, som eg vonar ei ny målsoge vil gjera.

Litteraturliste

- Aslak Bolts jordebok*. 1997. Utgjeve av Jon Gunnar Jørgensen. Oslo: Riksarkivet. Berg, Ivar. 2006. *Nytt i gammalt. Kasusbruk i skrifter frå Trøndelag 1470–1500*. Upubl. MA-avhandling, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Trondheim.
- Brøndum-Nielsen, Johs. 1957/1962. *Gammeldansk Grammatik i sproghistorisk Fremstilling II/IV*. Kjøbenhavn: Schultz.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum I–XXII*. 1847–. Kristiania/Oslo.
- Finegan, Edward og Douglas Biber. 2001. «Register variation and social dialect variation: the Register Axiom.» I: *Style and Sociolinguistic Variation*, utg. Penelope Eckert og John R. Rickford, 235–267. Cambridge University Press.
- GG = Brøndum-Nielsen 1957/1962.
- Grøtvedt, Per Nyquist (1940): «Om dialektundersøkelser på grunnlag av gamle håndskrifter.» *Maal og Minne* 1940: 102–115.
- Hagland, Jan Ragnar. 2005. *Literacy i norsk seinmiddelalder*. Oslo: Novus.
- Hødnebo, Finn. 1971. «Om diplomer som kilde for norsk språkhistorie.» I: *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking: heiderskrift til Olav T. Beito*, utg. Hallvard Magerøy og Kjell Venås, 145–153. Oslo: Universitetsforlaget.
- Indrebø, Gustav. 1927. «Maalet i norske jordebøker i det 16. hundradaaret.» I: *Festskrift til Hjalmar Falk 30. desember 1927*, 142–155. Oslo: Aschehoug.
- Indrebø, Gustav. 2001. *Norsk målsoga*. 2. utg. Bergen: Norsk Bokreidingslag. [1. utg. 1951.]
- Kalkar, Otto. 1976. *Orabog til det ældre danske sprog (1300–1700)*. Kjøbenhavn: Akademisk. [Først utgjeve 1881–1918.]
- Kolsrud, Sigurd. 1956. «Eldre rettskriving.» I: *Festskrift til Peter Skautrup*. 21. januar 1956, utg. Svend Aakjær m.fl., 143–148. Aarhus: Universitetsforlaget.
- Lübben, August. 1882. *Mittelniederdeutsche Grammatik*. Leipzig: T.O. Weigel. [Fotografisk reproduksjon: BiblioBazaar 2009.]
- Lübben, August. 1888. *Mittelniederdeutsches Handwörterbuch*. Norden: Soltau.
- Milroy, James. 1992. *Linguistic variation and change. On the historical sociolinguistics of English*. Oxford: Blackwell.
- NgL = *Norges gamle Love*. 2. rekke. 1388–1604. 1912–. Kristiania.
- Norde, Muriel. 1997. *The history of the genitive in Swedish: A case study in degrammaticalization*. Amsterdam.
- OEJ = *Olav Engelbrektsøns jordebog. Register paa St. Olavs jorder, forfatet under erkebiskop Olav Engelbrektsøn; Anhang: Erkebiskop Gautes jordebø-*

- ger. 1926. Utgjeve av Noregs riksarkiv ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo: Nationaltrykkeriet.
- OER = *Olav Engelbriktssøns rekneskapsbøker 1532–1538*. 1936. Utgjeve av Noregs riksarkiv ved Jens Arup Seip. Oslo: Dybwad.
- Pettersen, Egil. 1976/1991. *Språkbrytning i Vest-Norge 1450–1550 I–II*. Bergen: Universitetsforlaget/Alma Mater.
- Sandøy, Helge. 1996. «*Norvegr eller Norfka*.» I: *Gransking av norsk mål i hundre år etter Ivar Aasen*, utg. Arnold Dalen, 91–104. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskap – Skrifter 1997, nr. 3. Trondheim: Tapir.
- Storm, Gustav. 1902. «Finmarken Beskrivelse af Erkebiskop Erik Valkendorf.» *Det Norske Geografiske Selskabs Aarbog XII, 1900–1901*, 1–23. Kristiania: Aschehoug.
- Wetås, Åse. 2008. *Kasusbortfaller i mellomnorsk. Ein komparativ studie av pro-priati og appellativisk materiale*. Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Zheltukhin, Alexander. 1996. *Orthographic codes and code-switching: a study in 16th century Swedish orthography*. Stockholm studies in Scandinavian philology 21. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Aasen, Ivar. 1918. *Norsk Ordbog*. 4. uforandra utg. Kristiania: Cammermeyers. [1. utg. 1873.]